



Arkivnr: 2016/4933-3  
Saksbehandlar: Odd Kenneth Mellingen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval for kultur, idrett og regional utvikling

19.06.2018

## Sommarfullmakt 2018 til utvalsleiar for Utval for kultur, idrett og regional utvikling

### Samandrag

Som for sommaren 2017, legg fylkesrådmannen fram ny sak for sommaren 2018 om delegering av sommarfullmakt til utvalsleiar i dei vekene Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) ikkje har møte.

Sommarfullmakta er heimla i kommunelova § 10 Faste utvalg. Komiteer pkt. 4 der det heiter:

*«4. Utvalget kan gi lederen eller et arbeidsutvalg myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.»*

Fylkesrådmannen vil også peike på at i Hordaland fylkeskommune sitt delegasjonsreglement for Fylkesutvalet pkt. 4, er slik fullmakt gitt til fylkesordførar der det heiter:

*«4. Fullmakt til fylkesordføreren  
I dei sommarvekene fylkesutvalet ikkje har møte, har fylkesordføreren fullmakt til å gjera vedtak på vegner av fylkesutvalet i saker som ikkje er av prinsipiell rekkevidd.*

*Melding om vedtak gjort etter slik fullmakt vert å leggja fram for fylkesutvalet i første møte etter ferien.»*

Fylkesrådmannen vil gjere særskild merksam på at hastesaker der utvalet har innstillingsrett, vil gå til Fylkesutvalet utan innstilling frå KIRU.

**Forslag til vedtak**

1. I dei sommarvekene Utval for kultur, idrett og regional utvikling ikkje har møte, har utvalsleiaren fullmakt til å gjera vedtak på vegner av utval for kultur, idrett og regional utvikling i saker som ikkje er av prinsipiell rekkevidd.
2. Melding om vedtak gjort etter slik fullmakt vert å leggja fram for fylkesutvalet i første møte etter ferien

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*